

# Rutine for vurdering av einingar med fellesmåling

MØRENETT AS, 1. januar 2018

## Heimel

Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomhet og tariffer § 13-1 bokstav h) og § 14-3

## Iverksetting og kostnad

- For nye kundar er krav til individuell måling gjeldande frå 1. januar 2010
- Eksisterande fellesmålte kundar kan fortsette med måling og avrekning per felles inntaksledning, når individuell måling og avrekning gir urimleg meirkostnad
- Ved overgang til individuell måling skal Mørenett AS dekkje kostnad med innkjøp, montering, drift og vedlikehald av målar. Kunden skal dekkje kostnadar som følgje av endringar inne i den private installasjonen

## Krav om individuell måling etter § 13-1 bokstav h):

Den enkelte bueining eller fritidsbustad med eigen matrikkel skal målast og avreknast kvar for seg.

## Fellesmåling kan vurderast tillatt etter § 14-3:

Dersom individuell måling medfører urimelege meirkostnadar ved innføring og/eller administrasjon kan fellesmåling etter ei individuell vurdering tillast:

1. der det må gjerast store endringar i installasjonen for å få til individuell måling
2. der kundemassen er lite stabil med mykje inn- og utflytting, og det vert lite effektivt for Mørenett AS å administrere kundemassen

## Ulike måleiningar

Nedanfor er ei liste over ulike einingar med krav om individuell måling etter § 13-1 eller om fellesmåling kan tillast etter ei individuell vurdering etter § 14-3. Lista er ikkje uttømmende.

Type	Felles § 14-3	Individuell § 13-1
Naustrekker oppdelt med matrikkel-/seksjonsnummer		X
Fritidsbustad, rorbuer		X
Einebustad		X
Verksemder	X	
Kårbustad tilknytt gardsbruk, men frådelt med eigen matrikkel		X
To- eller fleirmannsbustad oppdelt med matrikkel-/seksjonsnummer		X
Større bustadkompleks oppdelt med matrikkel-/seksjonsnummer		X
Studentbustadar	X	
Bufellesskap innanfor omsorgsetat	X	
Kontorfellesskap, næringspark, kjøpesenter	X	
Småbåthamn	X	
Campingplass med "faste" utleigeplassar	X	
Bueiningar i privat fordelingsnett bak gards- og grendeverk *	X	

\* Unnateke konsesjonsplikt og dermed krav til individuellmåling etter energilovforskrifta § 3-1 b). Avgrensinga gjeld små nettverk med mindre enn 3 normale einebustadar (< 200 A ved 230 V).